



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juni 2009.

Årgang 44

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubhuset til Hareid
President: IL, 6060 Hareid.
Visepres: Johan Ole Brandal
Sekretær: Oddvar Haugen
Kasserar: Trygve Riise
Past pres: Johs. J. Hareide
Styremedlem: Åge Nytun
Styremedlem: Magnar Hatløy
Ansv.red.: Vigdis Riise
Referent: Jostein Strand
Øystein Alme

Fødselsdagar i juni

Hallgeir Kvammen 08. juni
Sverre Bjåstad 17. juni

Frammøteporsent i juni: 55,6 %

HØISOMMER

*Nu bølger Engene mørkerøde,
silkeblanke og silkebløde
i Sommervind,
nu staar Jasminen saa blomsterhvid
og skjær, for nu er det Høisommertid,
Høisommertid i mit Sind.*

*Nu piber Svalen i lyse Kvelde,
mens Solen synker bag Hei og Fjelde
i guldrød Glans,
nu dufter Løvet i Skog og Krat
den varme Dag og den lyse Nat
- deilig er du, Sankte-Hans.*

Mandag 08. juni.

Møtet denne kvelden starta med songen "Vi vandrer med freidig mot".

Johan Ole Brandal ønskete vel møtt for så å gi ordet til Oddvar Haugen som ville gi oss eit referat av turen Vigdis og Oddvar hadde til PETS-møtet (treningsseminar for innkomande presidentar og sekretærar) dagane 18. og 19.april.

Vigdis og Oddvar møtte til lunsj første dagen.

Musikalt innslag av Oddbjørn Øien/ Jan Helge Stadsnes (både under lunsjen og middagen).

Etter diverse innslag vart det arrangert gruppearbeid fram til middagen.

Asbjørn Norberg (komande etterfylgjar til Oddbjørn Øien) tok opp tema/ mål for Rotary som:

- Utrydding av polio
- Vere stolt som medlem.
- Gjenomsnittsalderen til Rotary er høg, 65 år, målet er å redusere den til 55 år.
- Auke talet på kvinnelege medlemmar.
- Viktig med mangfold i medlemsmassa som speglar nærområdet.

Dag 2 vart det og' halde fleire innslag som:

- Guvenøren sitt ynskje om kr.500 pr. medl. for 2009-2010 til Rotary Foundation.
- Korleis drifte ein klubb "effektivt".
- Kontinuitet i klubbane.

Resten av dagen gjekk med til gruppearbeid.

Johan Ole Brandal takka Oddvar H. for referatet og informerte oss samstundes om at komande måndag vert det dugnad på Rotarystien.

Mandag 15. juni.

Kvelden var sett av til dugnad på Rotarystien. Strålende ver, solskin og varmt. Dugnadslaget saga og rydda skog langs med Rotarystien/ Hareidselva.

Innsatsen var god, men timen gjekk fort, så meir arbeid til seinare har vi i alle fall.

Etter ein god innsats i varmen avslutta vi med kaffi.

Mandag 22. juni.

Møtet denne kvelden starta med songen "Du skal ikkje sova bort sumarnatta".

Johan Ole Brandal ønskete vel møtt.

Elias Sellevold (seremonimeister) tok ordet då det var tid for opptak av nye medlemmar, Sverre Ulstein (fadder Johs J. Hareide), Arne Gunnar Aschehaug (fadder Trygve Riise) og Hallgeir Kvammen (fadder John Stennes).

Elias S. tok for seg litt av historia til Rotary, oppstart og motto m.m.

Fadderane presenterte kortfatta kvart enkelt medlem.

Johan Ole Brandal plasserte så Rotary-nåla på jakkeslaget til dei nye medlemmane og ønskete dei velkomne i Hareid Rotary.

Hareid Næringsforum har kome med ønske om at Hareid Rotary stiller med omvisning longs med "Rotarystien" i juli, dette vart det takka ja til.

Trygve Risse. har motteke vimpel/ generell info. frå ein amerikansk rotaryklubb, "Silverdale".

Vedkomande tok kontakt med Rotary sist måndag (slektar frå Liaset/ Nedreliid).

Oddvar Haugen la fram revidert utgåve av oppsett av komitear for komande år, samtidig som han minnte om at permars med "syftemål" må leverast til leiarane i komiteane.

Mandag 29. juni.

Møtet denne kvelden starta med songen "Fløytelåt" av Jakob Sande.

President Johan Ole Brandal ønskete vel møtt til sitt siste møte som President.

Johan Ole Brandal takka for seg som President med å framheve styret, programkomite, festkomite og heile Hareid RK for godt utført arbeid i hans periode som President.

Elias Sellevoll takka så den avtroppande Presidenten for eit aktivt år med god oversikt over oppgåvane sine, god informasjon til medlemmane ved hjelp av e-post og gjennomføring av møta med "stil".

Oddvar Haugen overtok så "kjeda" frå Johan Ole Brandal, noko han gjorde med stor respekt.

Han framheva dessutan eit godt fungerande styre som gir kontinuitet og tryggleik i klubben.

Gode program skaper godt oppmøte som igjen skaper trivsel.

Referat/ Månadsbrev frå møta er viktige for ettertida.

Vi har ei historie tilbake til -01 med referat frå møta.

Av oppgåver han vil arbeide med det komande året er bl.a. ferdigstilling og vedlikehald av Rotary Stien.

Oddvar H. avslutta møtet og kunne opplyse at Hareid Rotary vil halde ope heile juli, men utan program.